



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Tom Andre Sivertsen
Vår: 14/4109 - 16/13740

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
01.07.2016

Godkjenning - GBNR 38/23, 24 - igangsettingsløyve for opparbeiding av veg og forstøtningsmur - Kyrkjesundvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 226/2016

Tiltakshavar: Per Storli
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, Per Storli, søkt om igangsettingsløyve for oppføring av veg og forstøtningsmur på gbnr. 38/23 og 24, Kyrkjesundvegen 66.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 86/2015, datert 1.4.2015.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det gjeve løyve til oppføring av køyreveg og forstøtningsmur. Vedtaket vart fatta på bakgrunn av at utval for drift og utvikling i vedtak 07/2015, datert 27.1.2015, gav dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde), samt dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

I rammeløyve vart det stilt vilkår om at støttemuren skal beplantast med klatreplantar som dekkjer den til. Dokumentasjon for planlagt utføring av plantinga skulle følgje søknad om igangsettingsløyve.

Ansvarleg søkjar skriv følgjande i e-post til kommunen den 30.6.2016:

«Vi har fått bekreftet fra tiltakshaver at han har vært i dialog med naboer vedrørende valg av beplantning. Det er valgt roser og grønne planter nederst ved muren. Den øvrige muren vil bli tildekket av Eføy. Dette er en klatrende busk som vokser på trestammer, fjellvegger og murer. Den skal være grønn hele året. Det vil dog naturlig nok ta tid før muren er helt tildekket.»

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at vilkåret om dokumentasjon for planting i rammeløyve er tilstrekkeleg dokumentert. Vi legg til grunn at muren skal beplantast som beskrive.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Plassering og utforming av tiltaket:

Veg og mur skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført motteke 29.10.2014, og utformast i samsvar med teikningar og lengdeprofilar motteke same dato.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført 28.6.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for opparbeiding av veg og oppføring av forstøtningsmur i samsvar med søknad med vedlegg motteke 28.6.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 28.6.2016, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN